



ENVIR AS
Sjøkrigsskoleveien 15
5165 LAKSEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Nina Vadøy, 5557 2316

Endeleg rapport frå inspeksjon ved Envir AS på Laksevåg

Kontrollnummer: 2022.259.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Anders Hansen, Elisabeth Nesse og John-Erik Vorland

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Nina Vadøy, Åsmund Skancke Karlsnes og Sondre
Kaastad Sørdsdal

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Envir AS den 8. september 2022. Envir AS har kommentert rapporten i e-post av 27. september 2022. På bakgrunn av tilbakemeldinga er rapporten endra. Endringane gjeld presisering av avvik 2. Rapporten er no endeleg.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 3 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda har lagra meir avfall enn det løyvet tillet
- Internkontrollen er mangelfull på ytre miljø
- Handtering av eigenprodusert farleg avfall er ikkje i samsvar med regelverket

Merknader:

- Lagring av forureina massar i nærleik av dekke med hol kan føre til forureina grunn
- Årsrapportering til Statsforvaltaren kan bli betre

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Nina Vadøy
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Envir AS	
Organisasjonsnr.: 920 232 825	Eigd av: 920 206 425
Bransjenr. (NACE-kode): 38.120 – Innsamling av farleg avfall	

Kontrollert eining

Namn: Envir AS	Anleggsnr.: 4601.0753.01
Kommune: Bergen	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avfall – mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 19.03.2017	Sist endra: 21.12.2021

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Statsforvaltaren har fått klager på støy frå aktivitet på anlegget og for lagring av massar utandørs. Inspeksjonen vart gjennomført for å følgje opp klagen og kontrollere om verksemda driftar i samsvar med løyvet gitt med heimel i forureiningslova og miljøregelverket elles.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- støy
- utslepp til luft
- utslepp til vatn
- handtering av avfall
- internkontroll – miljørisikovurdering, rutinar, avvikshandtering
- krav i løyvet

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Envir AS pliktar å rette opp avika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Envir AS innan **31. desember 2022** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 26. august 2022. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Envir AS betale eit gebyr på kr 28 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda har lagra meir avfall enn det løyvet tillet

Avvik frå:

Løyvet etter forureiningslova datert 19. mars 2017 med sist endring 21. desember 2022

Kommentar til regelverket:

Bedrifta har løyve til å lagre inntil 5000 tonn forureina massar på anlegget.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Bedrifta opplyste på tilsynet at det var om lag 7000 tonn på lager 1. februar 2022.

Avvik 2

Internkontrollen er mangelfull på ytre miljø

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd:

- punkt 6 om risikovurdering og handlingsplan
- punkt 7 om rutinar
- punkt 8 om overvaking og gjennomgang

Internkontrollforskrifta § 6 om samordning

Kommentar til regelverket:

Risikovurdering og handlingsplan - § 5 andre ledd punkt 6

Bedrifta skal kartlegge farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal bedrifta utarbeide handlingsplan og konkrete tiltak for å redusere risikoforholda. I handlingsplanen skal det gå fram tiltak, ansvarleg og frist for når tiltaka skal vere gjennomført for å redusere risiko. Når ein gjennomfører ei miljørisikovurdering, vil kunnskap og erfaringar knytt til drift vere viktig å få fram. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Overvaking og gjennomgang – § 5 andre ledd punkt 8

Verksemda skal foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som føreset. Overvaking og gjennomgang skal dokumenterast skriftleg.

Samordning – internkontrollforskrifta § 6

Når fleire verksemdar utøver arbeid på same arbeidsplass, skal dei, når det er nødvendig, skriftleg avtale kven av dei som skal ha ansvaret for å samordne internkontrollen for deira felles aktivitetar eller område. Kjem slik avtale ikkje i stand, kan tilsynsmyndigheitene bestemme kven av dei som skal ha dette ansvaret.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Risikovurdering, handlingsplan og gjennomgang

Envir AS har en skriftleg risikovurdering for ytre miljø. Følgjande var ikkje skriftleg risikovurdert:

- risiko ved lagring av utsortert stein frå forureina massar utandørs, særleg med tanke på støy, utslepp til vatn og luft
- risiko ved manglande samordning av bedriftene i området
- risiko ved handtering av eigenprodusert farleg avfall

Bedrifta opplyste at den utsorterte steinen frå forureina massar som var lagra utandørs, har gjennomgått gjenvinning og skal brukast til utfylling av området ved kaia i Simonsviken. Bedrifta kunne ikkje legge fram dokumentasjon på at den utsorterte steinen som var lagra utandørs har opphøyr å vere avfall, jf. forureiningslova § 27.

Bedrifta opplyste under tilsynet at risikovurdering og handlingsplan ikkje blir oppdatert fortløpande i samsvar med endringar i drifta. Miljørisikovurderinga vart ikkje oppdatert då bedrifta valte å lagre utsortert stein frå forureina massar utandørs. Vidare opplyste bedrifta at det er planar om å gå gjennom heile internkontrollen for å oppdatere systemet og tilpasse det betre til drifta.

Samordning

Envir AS har ikkje skriftleg risikovurdert om det er behov for samordning av internkontroll for ytre miljø mellom bedriftene på industriområdet i Simonsviken næringspark.

Fleire tema kan vere aktuelle å samordne på området. Til dømes støy, støv, overvasshandtering, åtgangskontroll og naboklager. Ved å samordne internkontrollen kan naboane få eit felles kontaktpunkt, slik at dei slepp å ta stilling til kven som er ansvarleg for det dei klagar over. Samordning av internkontrollen vil også gje eit betre grunnlag for å utarbeide samla risikovurderingar for området.

Dette vart også påpeikt i tilsynsrapport 17. juni 2021. Envir AS opplyste under tilsynet at dei er i dialog med andre verksemder, men at det ikkje er etablert samordning endå og at det ikkje er bestemt kva for ei bedrift som skal ha ansvaret for samordninga.

Avvik 3

Handtering av eigenprodusert farleg avfall er ikkje i samsvar med regelverket

Avvik frå:

Avfallsforskrifta §§ 11-5, 11-8, 11-12

Løyvet etter forureiningslova punkt 11

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Kommentar til regelverket:

Forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall – avfallsforskrifta § 11-5

Farleg avfall skal mellomlagrast forsvarleg. Den som tar hand om farleg avfall har ansvar for å gjere nødvendige tiltak slik at farleg avfall ikkje fører til forureining. Farepotensialet til avfallet set krav til lagringsplassen. Den må vere verna mot ytre påverknad og sikra mot lekkasjar og uvedkomande.

Forsvarleg oppbevaring av farleg avfall inneber orden og oversikt over avfallet ved ryddig og skild plassering, tydeleg merking mv. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal ikkje blandast saman dersom dette kan føre til fare for forureining, eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet.

Leveringsplikt – avfallsforskrifta § 11-8

Verksemder som har drift der det oppstår farleg avfall, skal levere dette til lovleg mottak. Det farlege avfallet skal leverast minst 1 gong per år. Plikta trer ikkje i kraft før den totale mengda farleg avfall overstig 1 kg.

Den som har leveringsplikt, skal ha skriftlig dokumentasjon om hvor det farlige avfallet er levert. Dokumentasjonen skal oppbevares i minst tre år.

Deklarasjon av farleg avfall – avfallsforskrifta § 11-12

Verksemder som leverer farleg avfall skal gje tilstrekkelege opplysningar om avfallets opphav, innhald og eigenskapar, slik at den vidare handteringa av avfallet kan skje på ein forsvarleg måte. Når avfallet blir levert til den som etter § 11-6 og § 11-7 kan handtere avfallet, skal verksemda som leverer avfallet fylle ut eit deklarasjonsskjema som er godkjent av Miljødirektoratet. Emballasjen skal merkast tydeleg med deklarasjonsskjemaets løpenummer. Deklarering av farleg avfall skal gå føre seg i www.avfallsdeklarerer.no.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Handtering av eigenprodusert farleg avfall

Bedrifta har ikkje oversikt over kva eigenprodusert farleg avfall som kan oppstå i verksemda og har ikkje etablert eit system for handtering av eigenprodusert farleg avfall. Bedrifta har ikkje dokumentasjon på at det farlege avfallet frå drifta er deklart og levert til lovleg mottak.

Bedrifta opplyste under tilsynet at det kan oppstå mindre mengder farleg avfall frå drifta, som til dømes tomme sprayboksar og filler/absorbent med innhald av olje, og at dette vart kasta i restavfall. Det vart opplyst at Envir AS har avtale med Norsk Gjenvinning AS om henting av eigenprodusert avfall.

Skriftleg rutine

Bedrifta har ikkje utarbeidd skriftleg rutine for handtering og lagring av eigenprodusert farleg avfall.

7. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Lagring av forureina massar i nærleik av dekke med hol kan føre til forureining

Kommentarar:

I hallen på køyrearealet og like ved området for behandling og lagring av forureina massar var det fleire hol i det tette dekket. Dette kan føre til forureining.

Det vart opplyst at dekket på området der lagring av forureina massar går føre seg er kontrollert og blir reparert del for del ved å legge nytt dekke eller reparere hol der det var nødvendig.

Merknad 2

Årsrapportering til Statsforvaltaren kan bli betre

Kommentarar:

Bedrifta rapporterer inn mottatte mengder for både massane som er innom anlegget for sortering og/eller lagring og massane som ikkje er innom anlegget, men blir køyrt direkte til kaia og lasta på båt. Massane som ikkje er innom anlegget er ikkje omfatta av løyvet, men er regulert av det generelle forureiningsregelverket. Desse massane skal derfor ikkje rapporterast inn til Statsforvaltaren.

8. Andre forhold

Kommunikasjon med naboane

Dette er eit industriområde med mykje aktivitet og fleire ulike bedrifter, og lokaliteten ligg tett på eit bustadfelt. Det vil vere førebyggjande å ha god dialog med naboane der det mellom anna blir gitt informasjon om drifta og eventuelle kommande endringar i drifta. Det vil også kunne føre til at naboane lettare tek kontakt direkte med bedrifta ved eventuelle spørsmål eller avvik frå drifta.

Lagring av sand utandørs

Bedrifta opplyste under tilsynet at dei har kjøpt sand og tegl for å bruke som tilsatsmateriale ved produksjon av jord. Sanden ligg lagra utandørs. Statsforvaltaren fekk tilsendt klage på denne lagringa, då nabo trudde det var lagring av forureina massar.

Søknad

Envir AS har to søknadar til behandling hos Statsforvaltaren i Vestland:

- Søknad om etablering av jordvaskeanlegg og auka mottaksmengde (på høyring til 1. oktober 2022).
- Søknad om permanent løyve til varmebehandling av jord med framande artar (mottatt 20. september 2022). Bedrifta har eit tidsavgrensa løyve til aktiviteten som gjeld til og med 31. desember 2022.

Informasjon om jord og stein som ikkje er forureina

Vi vil elles informere om Miljødirektoratet si rettleiing [Jord- og steinmasser som ikkje er forurenset - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no). Der står det mellom anna omtalt når jord- og steinmassar blir rekna som forureina og når disponering av jord- og steinmassar som ikkje er forureina er å rekne som gjenvinning.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren